

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 05.11.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Kristin Osland Lexow  
**SAKA GJELD:** **Styringsdokument 2019**

**ARKIVSAK:** 2018/807  
**STYRESAK:** **137/18**

**STYREMØTE:** **11.12. 2018**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret ber om at innspela til styringsdokumenta til helseføretaka i Helse Vest og Helse Vest IKT AS for 2019 blir tatt til følgje i den vidare prosessen fram mot endeleg styrebehandling den 6. mars 2019.

## Oppsummering


Styringsdokument til helseføretaka og Helse Vest IKT AS for 2019 vil bli lagt fram for endeleg behandling i styremøte den 6. mars 2019. I denne saka blir det presentert ei skisse til oppbygging av styringsdokument, og synleggjort aktuelle område som vil bli løfta fram i styringsdokumenta.

## Fakta

I styresak 104/18 *Prosess for utarbeiding av styringsdokument 2019 til helseføretaka og Helse Vest IK AS*, blei det fremja eit prosessforslag som inneber at styret i Helse Vest får ein meir aktiv rolle i utforminga av styringsdokumenta.

Helse Vest RHF mottar styringsbodskap for 2019 frå Helse og omsorgsdepartementet (HOD) den 8. januar 2019. Krav og rammer for året blir formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet. Alle aktuelle krav frå HOD vil bli vidareført til helseføretaka og Helse Vest IKT AS.

Følgjande prosess er lagt til grunn for arbeidet med styringsdokumenta:



## Kommentarar

Skissa til oppbygging av styringsdokument for 2019 er laga med utgangspunkt i styringsdokumenta for inneverande år, i tillegg til tema som er nemnt i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett Prop. 1S (2018-2019).

Oppdragsdokumenta har sidan 2015 hatt følgjande tre hovudmålsettingar:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit

I forslaget til statsbudsjettet for 2019 er desse målsettingane vidareført. I tillegg er mellom anna følgjande område omtala:

- Personell, utdanning og kompetanse (stikkord: strategiar og planar for framtidig personellbehov, spesialistutdanning for legar)
- Forsking og innovasjon (stikkord: auke talet på kliniske studiar initiert av både det offentlege, auke helseføretaka sin deltaking i EU sitt rammeprogram for forskning og innovasjon, auke innovasjonseffekten av anskaffingar)
- IKT (stikkord: vidareføring, tilrettelegging og utvikling av nye digitale/teknologiske løysingar)
- Ressursutnytting og samordning (stikkord: felleseide nasjonale helseføretak<sup>1</sup> skal bidra til å sikre felles løysingar for spesialisthelsetenesta)
- Ideell verksemd i helse- og omsorgssektoren (stikkord: mål om vekst i del av den samla helse- og omsorgstenesta som er organisert og drive av ideell verksemd).

Avdelingane i Helse Vest RHF er gjennom november og desember i prosess med å utarbeide eigne styringskrav, som vil bli tilpassa den overordna styringsbodskapen vi får frå Helse- og omsorgsdepartementet den 8. januar 2019.

Tal styringskrav til spesialisthelsetenesta frå Helse- og omsorgsdepartement gjennom oppdragsdokument, tilleggskrav til oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte er høgt, og det er difor eit poeng å balansere eigne styringskrav til helseføretaka opp mot dette. Det er eit mål for Helse Vest å sikre leveranse på allereie gjeldande krav, og at tal eigne styringskrav bør vere få og svært viktige.

Skisse over struktur og overskrifter i styringsdokument 2019:

Overskriftar	Kommentarar
<b>Kap. 1</b> 1 Innleiing 1.2 Helse2035	Her står det overordna om styringskrav og om oppfølging av strategien Helse 2035 med tiltaksplan.
<b>Kap. 2</b> Hovudområde for styring og oppfølging i 2019	Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgjande overordna mål: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga</li> <li>2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling</li> <li>3. Betre kvalitet og pasienttryggleik</li> </ol> Måla er nærare konkretisert i kapittel 3 under overskriftene <i>Mål 2019</i> og <i>Andre oppgåver for helseføretaka 2019</i> .
<b>Kap. 3 Helsefaglege styringsmål</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga</li> <li>2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling</li> <li>3. Betre kvalitet og</li> </ol>	Oppdragsdokument frå HOD 2019, føretaksprotokoll, eigne styringskrav.

<sup>1</sup> Sykehusbygg HF, Sykehusinnkjøp HF, Pasientreiser HF, Luftambulansetjenesten HF, Nasjonal IKT HF og Helsetjenestens driftsorganisasjon for nØdnett HF

<p>pasientsikkerheit, herunder:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Personell, utdanning og kompetanse</li> <li>• Forsking og innovasjon</li> </ul>	
<b>Kap. 4 Organisatoriske krav og rammer 2019</b>	Føretaksprotokoll + egne styringskrav
<b>Kap. 5 Ressursgrunnlaget</b>	Som før
<b>Kap 6 Økonomiske krav og rammevilkår</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Økonomiske krav og rammevilkår</li> <li>• Økonomiske resultatkrav 2019</li> <li>• Endringer i driftskredittramma</li> <li>• Investeringar</li> <li>• Lån til investeringar</li> <li>Finansielle leige</li> </ul>	I det vesentlegaste vidareføring frå protokoll datert 8. januar 2019
<b>Kap. 7 Rapportering</b>	Se rapporteringsvedlegg til oppdragsdokument for 2019
<b>Kap. 8 Vedlegg</b>	(Førebels oversikt over vedlegg): <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Utdanning av helsepersonell</li> <li>2. Mal for rapportering frå verksemda</li> <li>3. Mål 2019 og andre styringsparametrar</li> <li>4. Oversikt over regionale planar</li> <li>5. Særskilte rapporteringsfristar 2019</li> </ol>

Vedlegg:

1. Styringsdokument og tilleggskdokument 2018 for HF-a
2. Styringsdokument 2018 Sjukehusapoteka Vest HF
3. Styringsdokument 2018 Helse Vest IKT AS